

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: , E-post
Dato: 09.09.2013
Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 9116148. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS	(Ingen tittel)		2013/5105

Arkivsaksnr: 2013/5105-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	18/2013	09.09.2013

Trollstigen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel 2013 - Bruk av ATV for utfrakting av båt fra Alnesvatnet - Grytten Fjellstyre

Forvaltar si innstilling

1. Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Grytten fjellstyre dispensasjon frå verneforskrifta for Trollstigen landskapsvernområde for bruk av ATV/firhjuling til transport av båt frå Alnesvatnet og opp til riksvegen.
2. Dispensasjon blir gjeve under føresetnad av at det ikkje oppstår terrengskader eller køyrespor, og at det i så måte blir gjort førebyggjande tiltak ved behov.
3. Eventuelle køyrespor eller terrengskader som måtte oppstå skal stellast.
4. Før transporten tek til skal naturoppsyn Thomas Rødstøl varslast. (915 47 617).

Saksopplysningar

Rauma kommune har i e-post dagsett 08.08.13 vidaresendt følgjande søknad av 03.08.13 frå Grytten Fjellstyre v. Dagfin Roald:

«Søker om bruk av 4 hjuling/ ATV til å frakte båt fra Alnesvatnet til Riksvei på Trollstigen. Båten skal til rearasjon til vinteren. Strekningen er ca 400 m . Kjøringen blir for det meste på berg. Vi regner med at vår søknad skal videresendes til Reinheimen Nasjonalparkstyre for endelig godkjenning. Håper på en snarlig behandling og godkjenning.»

Rauma kommune har i følgjeskrivet komme med tilleggsopplysningar:

«Sender over søknad frå Grytten Fjellstyre om motorferdsel i Trollstigen landskapsvernområde. Saka ligg under verneområdetyret for Reinheimen. Legg i tillegg til søknaden ved eit kart som viser parkeringsplassen ved Fv63 som

transporten skal starte frå. Båten skal hentast på vestsida av utløpsosen til Alnesvatnet. Frakting av båten innatt til våren blir gjort på snøen og skjer da utan motorisert transport mellom vegen og vatnet.»

Kartutsnitt:



Vurdering

Søknaden gjeld bruk av ATV/firhjuling på barmark for transport av båt frå Alnesvatnet til bilveg. Søknaden må behandlast etter Verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde, § 3, pkt 5.1 Forbod mot motorferdsel:

«Motorferdsel på land og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.»

Verneforskrifta § 3, pkt. 5.2 eller 5.3 gjev ikkje opning for motorferdsel med det føremål som søknaden gjeld.

Søknaden må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. ...»

I utgangspunktet vil forvaltaren vera skeptisk til å opne for terrengtransport med ATV utover det verneforskrifta opnar for (felt hjortevilt). Men på den aktuelle strekninga er det på det næraste samanhengande område med svaberg mellom riksvegen og Alnesvatnet. Køyning bør såleis kunne gjennomførast utan at det oppstår terrengskader eller køyrespor. Transporten vil også skje i umiddelbar nærleik til riksvegen som eit tungt teknisk element i landskapet, og ikkje i meir øyde område prega av ro og uberørt landskap.

Transporten kan såleis gjennomførast utan nemneverdige følgjer for verneverdiane, og kan heller ikkje seiast å vera i strid med målet om å ta vare på landskapet.

Rammene rundt transporten er såpass spesielle at ein ikkje kan forvente liknande søknader, jf naturmangfaldlova §§ 9 og 10.

Det bør elles stillast krav om at transporten skal gjennomførast utan å etterlate terrengskader eller køyrespor. Ved eventuell kryssing av område med jordlag og vegetasjon må ein sørge for å leggje ut bjelkar eller liknande som ATV kan køyre på. Eventuelle køyreskader må stellast. Jf. naturmangfaldlova §§ 10 og 11.

Elles er det eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for behandling av søknaden, jf. naturmangfaldlova § 8.

Konklusjon

Det er rom for å dispensasjon for transporten under føresetnad at det ikkje oppstår terrengskader eller køyrespor.